



2019-2023



FELLES BRANNORDNING



For kommunane Lindås, Meland,
Radøy, Austrheim og Modalen

INNHALDSFORTEGNELSE

1.0.	Innleing	s 3
1.1.	Generelt.....	s 3
1.2.	Brannsam arbeidet - Nordhordland brann og redning (NHBR).....	s 4
1.3.	Formål med brannordninga.....	s 4
1.4.	Beredskapsområder for brannsam arbeidet.....	s 5
1.5.	Kommunedata.....	s 5
2.	Administrativ organisering	s 5
2.1	Administrativt tilsette.....	s 6
3	Førebyggjande arbeid	s 6
3.1	Samarbeid om felles førebyggjande avdeling.....	s 7
3.2	Feiing.....	s 7
4.	Dimensjonering av beredskapen	s 7
4.1	Dimensjonerings grunnlag.....	s 7
4.2.	Brannrisiko og innsatstid.....	s 8
5.	Operativ organisering	s 9
5.1	Organisasjonskart operativ organisering.....	s 9
5.2	Vaktordning mannskap.....	s 10
5.3	Vaktordning overordna vakt.....	s 10
5.4	Brannstasjonar.....	s 10
5.5	Brannvesens tilleggsoppgåver.....	s 11
5.6	Generelt.....	s 11
6.	Øving av beredskapen	s 11
6.1	Øvingar.....	s 11
6.2	Samhandling med andre naudetatar.....	s 12
6.3	Reservestykker/forsterkningsresursar.....	s 12
6.4	Naudmeldingsmottak.....	s 13
6.5	IUA samarbeid.....	s 13
6.6	Samband.....	s 13
7.	Helse, Miljø og sikkerheit	s 13
7.1	Rutinar/Internkontroll (HMS).....	s 13
7.2	Personleg verneutstyr.....	s 13
7.3	Utvida evaluering ved innsats.....	s 14
8.	Utrustning	s 14
8.1	Bilar, utstyr og materiell.....	s 14
9	Opplæring/plan/system	s 14
9.1	Planar/rapportering.....	s 15
10	Anna	s 15
10.1	Sløkkevatn resursar.....	s 15
10.2	Særskilte avtaler om hjelp- og utrykkings plikt.....	s 15
10.3	Utskriving av mannskap.....	s 15
11	Økonomi	s 16

12	Avvik	s 16
13	Myndighets krav og styrande dokument	s 16
14	Ny brann ROS for Mongstadorrådet	s 16
15	Godkjenning og oppseing av brannordninga	s 17

1.0. Innleiing

Alle samfunn står ovanfor ei rekke risikoforhold, av både sivil og militær art, som truar tryggleiken. Tryggleik handlar om fråvær av usikkerheit, om oppleving av tryggleik – i dag og for framtida, for seg sjølv og sine nærmaste. For den enkelte handlar det om tryggleik i kvardagen: for familien og i nærmiljøet – mot innbrot og overfall, ras og flaum, ulykker og brann.

Truslane og usikkerheita må ein kjenna til for at samfunnet skal kunne førebu seg på å handtere dei. Det fordrar ei bevisstheit om kva truslar samfunnet står overfor, men endå meir: evna til raskt å mobilisere dei relevante ressursane samfunnet har, når uventa, eller uønska situasjonar oppstår. Det fordrar at ein har verkemiddel, system og nødvendig kapasitet, dvs. at vi har ein beredskap som er i stand til å handtere hendingar som oppstår.

1.1. Generelt

Eit sentralt utviklingstrekk i brannvesenets oppgåveportefølje er at tenesta har fått ei meir sentral rolle i det generelle beredskapsarbeid. Dette heng blant anna saman med at andre etatar, som helse og politi, har ein meir avgrensa regional nærvær og lågare bemanning, enn tidlegare. I tillegg til dei daglegdagse beredskapsoppgåvene er brann- og redningsvesenet ein nøkkeletat, saman med Sivilforsvaret og Forsvaret, når det gjeld vern av samfunnet ved naturskapte hendingar, som storm, flaum og liknande. Vêr og klima stiller høgare krav til beredskapsressursane, og forsterkar behovet for lokalkunnskap og kjennskap til dei aktuelle forholda. Dette er veldig sentralt i forhold til tidleg innsats og god handtering.

Det følgjer av Brann- og eksplosjonsvernlova (brannlova), og spesielt § 9, at kommunen skal sørge for etablering og drift av et brannvesen som kan ivareta førebyggande og beredskapsmessige oppgåver etter loven, på en effektiv og sikker måte.

Samarbeidet om brannordninga er heimla i § 9 i brannlova, «*Etablering og drift av brannvesen*».

Etter brann- og eksplosjonsvernlova § 9, 1. ledd, skal kommunen «sørge for å etablere og drifte brann- og redningsvesen som kan ivareta førebyggande og beredskapsmessige oppgåver etter loven på en effektiv og sikker måte. Kommunen skal gjennomføre en risiko- og sårbarhets analyse slik at brann- og redningsvesenet blir best mulig tilpassa dei oppgåvene det kan bli stilt overfor».

Dette inneberer at kommunen må ha oversikt over lokale forhold som inneber risiko og moglege oppgåver, og at det er dette som i utgangspunktet er førande for korleis kommunen organiserer og dimensjonerer sitt brann- og redningsvesen. Kommunen må organisere og drifte brann og redningsvesen slik at kommunen på ein effektiv og sikker måte kan ivareta dei oppgåvene ein har ansvar for, både på det førebyggande og beredskapsmessige området.

1.2. Brannsam arbeidet - Nordhordland brann og redning (NHBR)

Felles namn for brannsam arbeidet blir Nordhordland brann og redning (NHBR).

Denne dokumentasjonen skal sikre at kommunane i dette sam arbeidet tek i vare beredskapsmessige krav etter brannloven, forskrifter, lokal ROS og krav til feiartenesta for heile brannregionen.

Brannordninga etter denne avtalen gjeld mellom Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen kommune. Frå 1/1 – 2020 kommunane Alver, Austrheim og Modalen. Brannordninga omfattar alt areal innafor grensene til desse kommunane.

Alle arbeidsoppgåver og ansvar med beredskap og feiing heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningsliner er for sam arbeids kommunane vert delegert til vertskommunen (her Lindås/Alver kommune). Det same gjeld andre beredskapsoppgåver som brannvernet vert nytta til.

Detaljstyring, både med omsyn til organisering og teneste produksjon innanfor brannordninga sine rammer, høyrer inn under brannsjefens fullmakter.

Brannsam arbeidet skal organiserast etter vertskommuneprinsippet etter kommunelova § 28b der Lindås kommune er vertskommune (frå 1/1 – 2020 Alver kommune).

Fordeling av kostnadene (drift og investering) skjer etter fordelingsnøkkel beskrive i sam arbeidsavtalen (sjå eigen avtale).

1.3. Formål med brannordninga

Sam arbeidet skal organiserast på en slik måte at det sikrar eit samla fagmiljø, med høg kompetanse, ei effektiv leiing og drift, samt god fleksibilitet. Gjennom samordning til eit større fagmiljø vil ein kunne gje lik opplæring til mannskapa, auke kompetansen og spare administrasjonskostnader. Det er også viktig at sam arbeidet kan levere i forhold til behov for heiltidsleiing, samt auka spesialisering og kompetanse, knytt til beredskap som følgjer av dagens forhold og nye krav som er under utforming. Brannsam arbeidet skal aktivt rekruttere, halde på og vidareutvikle fagkompetansen slik at ein til ei kvar tid leverer tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i regionen.

Beredskapen i Nordhordland vil vere avhengig av eit innøvd samvirke mellom lokale/kommunale innsatsstyrkar, velutvikla industrivern, forsterkningsressursar og regionale spesialteam, i dei tilfella der krevjande hendingar og katastrofesituasjonar inntreffer. Ei best mogeleg samordna teneste innanfor Nordhordlandsregionen, vil forsterke effekten under akuttsituasjonar, bidra til en tryggare kvardag for kommunenes innbyggjarar og næringsliv, og auke beredskapsorganisasjonens evne til å handtere større og meir kompliserte hendingar.

Brannsam arbeidet skal arbeida i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv med spesielt fokus på å førebygge brannar og ulykker. Den nye forskrifta om brannførebygging gir brann- og redningstenesta nye muligheiter til eit meir målretta og allsidig brannførebyggande arbeid. Førebyggande fokus gjelder også for den operativ avdelinga.

1.4. Beredskapsområder for brannsam arbeidet

Brannvern-regionen er delt opp i 5 brannverns/beredskapsområde, der Knarvik brannstasjon pr.dd er hovudbrannstasjonen for regionen. Kaland/Lindås brannstasjon ivaretek brannvernsområdet for Kaland/Lindås nord, Mastrevik stasjon ivaretek området i Austrheim kommune. Manger Stasjon i varetek Radøy, og Modalen brannstasjon i varetek brannvernsområdet for Modalen kommune. Ved behov vil det bli ytt bistand mellom brannstasjonane og områda.

Beredskapen innafor Statoil Mongstad sitt område i Lindås kommune, vert ivareteke av eige brannvern (jfr. eige avtale). Ved behov skal Statoil Mongstad be om assistanse/bistand frå det kommunale brannvernet.

Beredskapen på CCB Mongstad AS vert ivaretatt av industrivernet med bistand frå lokalt brannvesen.

1.5. Kommunedata


Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen

Tabell:

Areal	1150 km²	Kommunenr.
Meland	8 021	1256
Modalen	381	1252
Lindås	15 731	1263
Radøy	5 128	1260
Austrheim	2 884	1264
Totalt folketal pr. 01.01.18	32 145	

2. Administrativ organisering

Brannsam arbeidet skal til ei kvar tid vere organisert iht. lov og forskrift, og krava som vert skildra i desse. Ved innføring av tilleggsoppgåver skal nødvendige ressursar tilførast.



Val av organisering og struktur ligg til vertskommunen. Det same gjelder innplassering av brann- og redningstenesta i kommunens organisasjon. Ved endringar skal samarbeidskommunane orienterast.

2.1 Administrativt tilsette

Brannsjef/einingsleiar	1 årsverk
Avd. leiar beredskap/varabranssjef	1 årsverk
Avd leiar førebyggjande avdeling	1 årsverk (eigen avtale/NGIB)
Avd leiar feiing og bustadtilsyn (50%)	½ årsverk
Koordinator deltid/materialforvaltar	1 årsverk
Kompetanse-/system ansvarlig	1 årsverk

Dette er resursar som skal handtera administrative oppgåver beskrive i lov, forskrift og lokal brannordning. Endringar av risikobilde og oppgåver kan medføre endringar i resursbehov.

3 Førebyggjande arbeid

Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med ulykkesførebyggjande arbeid i alle sektorar. Førebygging må rettast inn både mot ulykkesårsaker og ulykkegrupper. NHBR skal systematisk arbeide med utsette grupper for å redusere sannsyn for at ulykker og brann skal oppstå.

NHBR skal være ein sentral aktør i det holdningsskapande brann- og trafikksikringsarbeidet i regionen med mål om å skapa gode haldningar blant innbyggjarar og trafikantar i regionen.

3.1 Samarbeid om felles førebyggjande avdeling

Det brannførebyggjande arbeidet er eit felles samarbeid mellom 9 kommunar i regionen. Brannførebyggjande avdeling har ansvar for kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Modalen og Fedje, kalla Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB). Dette samarbeidet er regulert i eiga avtale.

3.2 Feiing

Feiartenesta skal samordnast for alle kommunane i samarbeidet. Dette vil gje eit større fagleg miljø, og gje mogelegheit for organisering og utøving av tenesta, på en måte som sikrar kvalitet og sikkerheit i arbeidet.

Feiartenesta vert ein del av Lindås, Meland, Radøy og Austrheim kommune sitt lovpålagde brannførebyggjande arbeid, og skal utføra feiing og tilsyn i samsvar med lov og forskrift. I tillegg skal feiartenesta drive haldningsskapande arbeid inn mot innbyggjarane i brannsamrådet.

Den sjølvfinansierte feiartenesta skal samordnast for alle kommunane i samarbeidet. Avtale om felles feiarvesen vert gjeldande frå 2020.

Fagleg ansvarlig for denne tenesta er brannsjefen i samarbeidet.

4. Dimensjonering av beredskapen

4.1. Dimensjonerings grunnlag

NHBR skal til ei kvar tid organiserast iht. krav i lov, forskrift og lokal ROS.

I grunnlaget for dimensjonering skal det takast omsyn til tettstadstrukturen og folketal i desse. I tillegg vil særskilde objekt (risikoobjekt), med lovpålagte krav til innsatstid, gi føringar for beredskapsnivå og organisering. Krava gjeld også i forhold til anna risiko i regionen, som td. Mongstad base og anna industri med høg risiko. Endring i risikobildet kan leggja føringar for organisering og utplassering av tilleggs ressursar (td. «framskoten eining»).

Med ein tettstad på over 8000 innbyggjarar skal det vere kasernert dagvakt (jmf. Dimensjoneringsforskriften § 5-3) i området Knarvik/Frekhaug. Den kasernerte vakta er tilsett personell på dagtid (kl 08:00 – 15:30), med brann og redning som hovudoppgåver.

4.2. Brannrisiko og innsatstid

Brannstasjonane skal plasserast slik at krav til innsatstid satt i forskrift blir heldt. Dei største tettstadane i dei kommunane ligg innafor desse krava. Det finst likevel nokre unntak, som pr.dd er kompensert med utplassering av «framskoten eining». Denne resursen skal sørge for tidleg innsats i område som ikkje ligg innanfor krava til innsatstid for hovudstyrken.

Den største brannrisikoen i kommunane er konsentrert i og omkring dei største tettstadane, Knarvik /Alversund / Frekhaug/Radøy, Mastervik, Lindås og Mo med krav til innsatstid på 10 min. I desse tettstadane ligg også brannstasjonane, og beredskapspersonellet skal rekrutterast i rimeleg nærleik til desse.

Regionen har mange særskilde risiko/brannobjekt i området. Dette er objekt som krev ekstra merksemd, både i forhold til organisering, utstyr, øving og responstid. Organiseringa i regionen må sjåast saman med desse objekta då dei ofte har storulykkepotensiale.

Regionen er vert for landets største raffineri, Statoil Mongstad. Det er eit objekt som krev særskilt merksemd. Statoil Mongstad har eige døgnkasernert brannvern, som skal handtere hendingar inne på eige anlegg. Men ved større og meir langvarige aksjonar, er Statoil Mongstad avhengig av bistand frå kommunalt brannvesen.

I tillegg har regionen ein stor forsyningsbase knytt til CCB Mongstad. Ved basen er det etablert fleire bedrifter som har storulykkepotensiale. Det er etablert eige industrivern, men ein er avhengig av rask bistand frå lokalt brannvesen.

Regionen har svært stor transport av farleg gods på veg og sjø. Særleg til og frå Statoil sitt raffineri på Mongstad, men også til forsyningsbasen for offshoreindustrien på Mongstad Sør. I tillegg har regionen stor gjennomgangstrafikk som følgje av Nordhordlandsbrua og nye og lange tunnelar langs E 39 mot Sogn.

Kommunane i samarbeidet har ansvar for eit stort sjøområde, med stor skips trafikk, med alt frå små fritidsbåtar, til Hurtigruta og næringstrafikk (petroleumsprodukt). Fensfjorden er den mest trafikkerte fjorden i Noreg, med stor og aukande trafikk til og frå industrien. Denne trafikken har eit spesielt stort skadepotensiale ved uønska hendingar. I tillegg er det i kommunane fleire øyer/halvøyar der einaste tilkomst er sjøveg (med båt).

Etablering av spesielle brannobjekt i regionen kan innebere ei endring av brannberedskapen.

Eksempel på slike objekt;

- Tunnelar - Vegtunnelar lengre enn 500 m
- Industri med og utan storulykkepotensiale
- Bruer med kritisk infrastruktur
- Institusjonar


- Risikoutsette vegar (E 39/FV 57)
- Høgblokker
- Hamneområde for industri
- Verneverdige bygg

5. Operativ organisering

Den operative beredskapen i NHBR skal organiserast i ein struktur der samla ressurspådrag avhenger av alvorsgrad av hendinga. Det betyr ei organisering der ein i større grad går frå ei tilkallingsorganisering, til ein meir føreseieleg (forutsigbar) modell, med større grad av vaktplanar som sikrar at tilstrekkeleg og førehandsdefinert bemanning til ein kvar tid, er tilgjengeleg og rykker ut innafor lovpålagte krav til innsatstid.

Den operative organiseringa er ein samordning av brann- og redningstenesta for dei fem kommunane. Organiseringa er eit resultat av lov, forskrift, lokal risiko og plassering av risiko objekt i samarbeidskommunane. Endringar av disse forutsetningane kan medføra endringar av organisering og struktur.

5.1 Organisasjonskart operativ organisering



Overordna vakt (L-0.1) er en dreieende døgnkontinuerlig vaktordning med personell som har brannsjefens myndighet i innsatssituasjoner. Denne mynde gjelder for heile brannregionen og L-0.1 skal organisera og leia hendingar der mannskaper i samarbeidet blir engasjert.

Den taktiske leiinga under innsats fastsetter målet for innsatsen på et skadested og ivaretas av utrykkingsleiar. Utrykkingsleiar har det operative ansvaret på skadestaden og skal handtere ein stasjon/vaktlag. Lokale utrykkingsleiar må være i stand til å leia operative innsatsar og ivareta rollen med å handtere dei dagligdagse hendingane inntil overordna vakt eventuelt tar

over leiinga av innsatsen. Utrykkingsleiar vil utøve generell leiing av brannkonstablar på taktisk nivå.

Alle brann- og redningsvesen skal ha ein overordna (strategisk) leiing når ein er i innsats (L-0.1). Dette leienivået skal sjå innsatsen i ein større samanheng, blant anna ved å forutsjå og planlegge utviklinga på innsatsstaden.

5.2 Vaktordning mannskap

Organiseringa av Nordhordland brann og redning skal til ein kvar tid organiserast iht lov, forskrift og lokal/regional risiko.

Brannsamarbeidet skal, ved aksjonar, leiast etter prinsippa og modell for felles leiarsystem, ELS. Tilsette skal ha nødvendig kompetanse og ferdigheter i denne modellen slik at ein sikrar felles tilnærming og forståing ved aksjonar.

Der det er etablert vaktordning er det etter ein modell med 5 delt vaktordning. Dette gjelder for mannskaper.

Der det blir etablert vakt kveld og helg er det med bakgrunn i risiko, risikoobjekt eller krav i lov/forskrift.

Ved stasjonane skal det minimum vera tilknytt 16 mann for å sikra at nok resursar kan møte ved hendingar. Dette gjelder ikkje der det er etablert depo (iht krav i Dimensjoneringsforskrifta).

5.3 Vaktordning overordna vakt

Leiing av brannvernet under innsats vert ivareteke av brannsjefen, eller den som, av brannsjefen, vert gjeve mynde til å føre kommando på hans vegne. Brannsamarbeidet vert organisert med felles overordna vakt (L 0.1), som får brannvernsområdet som sitt ansvarsområde.

Overordna vakt organiserast som 6-delt vaktordning.

5.4 Brannstasjonar

Basert på dagens krav og risikobilete skal det vere stasjonar på følgjande stader:

Ein hovudbrannstasjon plassert i Knarvik området.

Ein lokalstasjon plassert på Lindås/Kaland området (felles vaktlag).

Ein lokalstasjon på Mastrevik

Ein lokalstasjon plassert ved Manger sentrum

Ein lokalstasjon plassert på Mo, for Modalen brannvernsområde, og eit deponi ved Øvre Helland.

Ny ROS for kommunane kan føre til endringar i stasjonsstrukturen i brannsam arbeidet.

5.5 Brannvesens tilleggsoppgåver

Denne brannordninga omfattar oppgåver i tråd med krav i lov og forskrift. Oppgåver utover desse skal vera i tråd med prioriteringar godkjent av brannsjefen.

Tilleggsoppgåver, uavhengig av type, skal gjelda for heile brannsam arbeidet.

5.6 Generelt

Ved behov kan brannsjefen organisere vakt/vaktlag der det ikkje eksistere. Avgjerda skal vere basert på auka risiko, eller eventuelt andre omstende som td. festivalar, ferieavvikling osv. Grunngevinga skal vere forankra i ei risikovurdering

6. Øving av beredskapen

6.1. Øvingar

Brannvernet skal utarbeida årlege øvingsplanar, som sikrar at leiarane og mannskapa får tilstrekkeleg øving til at kompetansen kan haldast ved like, og utviklast til å kunne løyse alle dei oppgåvene som brannvernet skal ha beredskap for. Talet på øvingstimar skal vera likt for alle stasjonar i brannsam arbeidet. Grunna auka spesialisering og andre type oppdrag (td PLIVO) er det behov for ytterleg auke av øvingstimar ut over det som ligg til grunn i dag (40 timar pr. år). Samarbeidet ser behov for auke av øvingstimar til 48 pr. år pr. mannskap som eit minimum. Grunna tilpassing av planverk, gjennomføring og kostnad, anbefaler ein at denne aukinga vert gjort over 4 år. Legg derfor til grunn ei årleg auke av øvingstimar med to (2) timar pr. år. Øvingstimane vil da vere 48 pr. år frå 01.01.2023. Det vil da vere naturleg å evaluere øvingstimane opp mot dei krav og oppgåver som brann og redningstenesta har på det tidspunkt.

Brannsam arbeidet ved fagleiar/avd. leiar skal sørgja for at innsatsplanar for særskilde objekt er oppdaterte og tilgjengelege. Ein skal også øve systematisk og tilstrekkeleg i disse objekta, slik at ein har felles forståing mellom objektseigar, brukar og brannvesenet ved aksjonar.

Opplæring og øvingar skal støtte krav i *"Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvern"* Kap 7, og krav i internkontrollforskrifta.

NHBR har pr. dd ikkje egne øvingsfasilitetar. Ein har i dag eit tett samarbeid med Statoil Mongstad om lån av deira fasilitetar. Ein er avhengig av dette samarbeidet, skal det kommunale brannvernet dekkje sine krav til øvingar.

Nedbrenningsobjekt blir mykje nytta for å få gjennomført dei lovpålagte øvingane som ein må ha for å kunne tilfredsstillere krav til røyk- og kjemikaliedykk (iht «*Røykdykkarveiledningen*»). Denne løysinga er ikkje i tråd med prinsippa «rein brannmann» som skal hindre menneskap å bli unødig eksponert for røyk og farlege gassar. Samarbeidet bør derfor vurdere moglegeheit for felles øvingsområde med industrien i regionen, der bruk av alternativ varmekjelde blir nytta.

6.2 Samhandling med andre naudetatar

Gjørsv-kommisjonens rapport handlar, litt forenkla, om "*ressursane som ikkje fant kvarandre*". Naudetatane klarte ikkje å koordinere og samhandla ressursane, då dei ikkje hadde felles situasjonsbilde.

Brannvesenet har også ei helt anna og mykje viktigare rolle enn tidlegare, til dømes ved pågåande livstruande valdshendingar (PLIVO), «first responder» (helseoppdrag) og naturskapte hendingar (td vær, vind, flaum).

Øvingar knytt opp mot risikoobjekt, da spesielt objekt med storulykkepotensiale, er særskild viktig. Det skal leggjast opp til årlige øvingar med desse objekta. Ved desse øvingane skal ein forsøkje å få med aktørar som Ambulanse, Politi, lokal legevakt, Kommunal kriseleing og relevante forsterkningsressursar. Hovudfokus ved slike øvingar bør vere samhandling og samvirke.

6.3 Reservestyrker/forsterkningsressursar

Sivilforsvaret er statens forsterkningsressurs for naud- og beredskapsetatane ved handtering av uønska hendingar. Sivilforsvaret er ein viktig aktør i samfunnssikkerheitsarbeidet, både i det daglege og når uønska hendingar inntreffer. All operativ bistand frå Sivilforsvaret er gratis for kommunen.

Sivilforsvaret har to avdelingar stasjonert ved Knarvik Stasjon. Stasjonen er også lagringsplass og oppmøteplass for avdelingane til Sivilforsvaret.

Lindås kommune har i samsvar med Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (*Sivilbeskyttelsesloven*) ansvar som vertskommune for å lagre og vedlikehalde Sivilforsvarets materiell som er lokalisert i kommunen. Dagkasernerte menneskap i Knarvik skal sørge for vedlikehald i samsvar med gjeldande direktiv. Vertskommunen skal også sørge for lokale som har tilfredsstillande standard iht. dei krav som Sivilforsvaret stiller. Til

gjengjeld stiller Sivilforsvaret ressursane til rådighet for kommunen ved større, uønskete hendingar.

Samhandling med forsterkingsressursane blir særskild viktig i framtida. Det er derfor naudsynt å ha fellesøvingar med alle samarbeidsaktørane, både på strategisk og operativt nivå. Øvingar med forsterkingsressursane skal inn i øvingsplan for dagtid/deltid.

6.4 Naudmeldingsmottak

Regionen er tilslutta internkommunal varslingsentral (110 Bergen) som varslar overordna befal (L-0.1) og mannskap ved samband/personsøkjjar. Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen brann og redning, kan også varslast frå AMK Bergen, Politi eller Nordhordland Legevakt via 110-sentralen.

6.5 IUA samarbeid

Brannsamarbeidet skal inngå avtale med IUA (Interkommunale utval mot akutt forureining). Brannsamarbeidet skal ta imot og vedlikehalde utstyr iht. avtale. Brannsamarbeidet skal øve iht. denne typen utstyr og hendingar.

6.6 Samband

Beredskapen sitt samband inngår i radionettet som er felles for naudetatane. Kostnadane til nytt naudnett, TETRA, vert fordelt på samarbeidskommunane.

Sambandsnamn blir LIMA.

7. Helse, Miljø og sikkerheit

7.1 Rutinar/Internkontroll (HMS)

Det skal etablerast rutinar og prosedyrar i tråd med krav i lov, forskrift og veiledningar. Dette skal sikre at alle krav til helse, miljø og tryggleik vert ivaretatt. Systemet skal gjelde for heile brannsamarbeidet, og leiinga skal syte for at dette vert implementert og brukt i dagleg virke.

I samsvar med den overordna HMS-organiseringa i Lindås/Alver kommune, er brannsjefen ansvarleg for at verksemda gjennomfører systematisk oppfølging av gjeldande krav, fastsett i HMS-lovgivinga. Avdelingsleiar har det utøvande ansvaret. Samarbeidet skal nytte system som er godkjent av vertskommunen.

7.2 Personleg verneutstyr

Samarbeidet skal vere organisert og utrusta iht. Arbeidstilsynets krav til «Rein brannmann». Prinsippet «rein brannmann» skal følgjast for å unngå eksponering av farlig gass/røyk/støv.

Kravet om «rein brannmann» gjeld for alle stasjonar i samarbeidet.

7.3 Utvida evaluering ved innsats

Etter brann og ulykker skal ein evaluere innsatsen. Evalueringa skal styrke det førebyggjande arbeidet og sikre auka kunnskap for beredskap (jfr *Brann og eksplosjonvernloven*). Funna kan også generere krav om meir kompetanse, øving og/eller utstyr.

Evalueringa kjem i tillegg til vaktlaga sine ordinære evalueringar (defusing og debriefing). Det skal etablerast og implementerast eigne rutinar for defusing, debriefing og bruk av kollegastøtteordninga.

Ressursar tilknytt disse funksjonane skal ha nødvendige kurs og opplæring.

8. Utrustning

8.1 Bilar, utstyr og materiell

NHBR skal disponere nødvendig materiell og utstyr til innsats ved brann, trafikkulykker, miljøskader, sjø/overflateredning og andre ulykker. Utskiftings-/rulleringsplan for bilar og materiell må etablerast og oppdaterast.

For å oppnå optimal utnytting og levetid skal bilar og materiell flåtestyras.

Det er ein føresetnad at alle stasjonane har tilstrekkeleg med utstyr som er tilpassa risikoforholda, og de spesialistoppgåvene brannvesenet/brannstasjonen er tillagt. Der dette ikkje er naturleg, skal ein sørgja for samarbeidsavtale for dei tenestene ein ikkje sjølv har.

Brannsamarbeidet skal til ei kvar tid ha utstyr til bruk på sjø, som svarar til den risiko og det ansvar kommunane/brannsamarbeidet har i desse områda.

NHBR har, basert på lokal risiko, spesialoppgåver som Akutt forureining (IUA) og CBRNE. Dette er ein resurs som kan bli utalarmert/nytta ut over eige ansvarsområde.

9 Opplæring/plan/system

Tilsette i NHBR skal gjennomføre opplæring som tilfredsstillende dei krav som føresegnene om organisering og dimensjonering stiller (Kap. 7), samt den opplæring ut over dette som er naudsynt for å gjennomføre særskilde oppgåver som er tillagt brannvernet.

Det skal utarbeidast utdanningsplan for brannsamrådet som, til ei kvar tid, sikrar rett kompetanse i alle ledd.

9.1 Planar/rapportering

Brannsjefen skal, i samarbeid med avdelingsleiarane, utarbeide planar for avdelingane, som synleggjer prioriteringane for kommande år/periode (verksemdplan).

Vidare skal det ved årsskiftet utarbeidast ein årsrapport for avdelingane/eininga.

Brannsjefen rapporterer til rådmannen eller hans stedfortreder i vertskommunen. Ved behov rapporterer brannsjefen til rådmann i samarbeidskommunane.

10 Anna

10.1 Sløkkevann resursar

Forsyninga av sløkkevatn er registrert i forbindelse med kartlegging av risiko i kommunane. Der det ikkje er gjeldande, må tankbilane vera ein supplerande ressurs som skal dekkja behov for vatn ved innsats (Jfr Dimensjoneringsforskrifta § 5-5).

10.2 Særskilte avtaler om hjelp- og utrykkings plikt

Brannvernsregionen skal inngå beredskapsavtalar med:

- Bergen brannvesen
- Hordaland sivilforsvarsdistrikt
- Gulen og Masfjorden brann og redning
- Fedje brannvern
- Vaksdal brannvern (Bergen brannvesen)
- Andre naturlige samarbeidspartnara

I tillegg har samarbeidet eiga beredskapsavtale med Statoil Mongstad.

Avtalane er ein del av denne brannordninga.

10.3 Utskriving av mannskap

For rekruttering av personell til dei oppgåvene denne beredskapen omfattar gjeld §. 17 i brannlova.

11 Økonomi

Fordeling av kostnadane er regulert i eigen samarbeidsavtale mellom kommunane.

Med i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvaret sitt lager, Bergen, vert halde utanfor (gjeld også for Alver kommune).

Brannsjefen og avdelingsleiaren hans, skal drive operativ arbeid innafør rammene dei til ei kvar tid får tildelt.

12 Avvik

Dersom brannordninga vert broten systematisk eller permanent, skal brannsjefen varsle nærmaste overordna om brot og årsak. Kortare og tilfeldige avvik vert i utgangspunktet handtert av administrasjonen.

13 Myndighetskrav og styrande dokument

- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrift)
- Forskrift om brannførebygging
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Veiledning om røyk- og kjemikaliedykking
- Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer (storulykkeforskriften)
- Veiledning til storulykkeforskriften
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- Internkontrollforskriften

14 Ny brann ROS for Mongstadorrådet

Mongstad-området representerer en særlig risiko i Nordhordlandsregionen. Vurderingane kring framtidig organisering av beredskapen, vert grunnlagt for og forankra i kommunenes ROS-analyser.

Brannlova si forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 2-4:

"Kommunen skal kunne dokumentere at denne forskriftens krav til organisering, utrusting og bemanning oppfylles alene eller i samarbeid med annen kommune.

Dokumentasjonen skal omfatte og basert på en risiko - og sårbarhetsanalyse (ROS), som skal være koordinert med kommunens analyse på andre områder..... Dersom kommunen etter kartlegging av risiko og sårbarhet avdekket forhold som ikke kan ivaretas gjennom forskriftens minstekrav, særskilte forebyggende tiltak og samarbeidsavtaler med videre, skal brannvesenet tilføres ytterligere ressurser»

Det er nødvendig med ein fornya risikoanalyse av Mongstad-området. Dagens dimensjonering av brannvesenet i området, baserer seg på dei vurderingane som er gjort for mange år sidan. Volum, frekvens og kompleksitet i varer og tenester som handteras i området, er vesentlig endra i perioden. I dag er det ikkje vaktordning på Kaland/Lindås Stasjon i tidsrommet 0800-1530. Dette er truleg den perioden på døgnet då risikoen for ulykker i området er størst. Dersom ei hending skulle oppstå, vil det ta 30 minutt før den dagkasernerte styrken på Knarvik Stasjon kjem fram for å hjelpe i redningsarbeidet.

Utfallet av den fornya risikoanalysen (ROS) og beredskapsanalyse kan få konsekvensar for ei framtidig organisering og dimensjonering av beredskapen i området.

15 Godkjenning og oppseiing av brannordninga

Kommunestyra i alle kommunane skal godkjenne, og kan gjere endringar, i denne brannordninga.

Brannordninga skal reviderast min kvart 4 år, første gong innan utgongen av 2022. Brannordninga kan seiast opp av partane innan 1.jan. og med 2 års varsel.

Knarvik, _____

Frekhaug, _____

Modalen, _____

Ordfører i Lindås

Ordfører i Meland

Ordfører i Modalen

Astrid Århus Byrknes

Øyvind Oddekalv

Tom Kristian Thorsen

Radøy, _____

Austrheim; _____

Ordfører i Radøy

Ordfører i Austrheim

Jon Askeland

Per Lerøy